



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 14/2015

Møtedato: 15.6.15

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

S573, Gilen – søknad om tilleggsjord som er falt i det fri

Gerd Westerheim skriv i brev datert 25.3.14 frå seg retten til tilleggsjord F573 på Gilen. Etter fjelloven § 22, 3. ledd 1. punkt fell retten til utvist tilleggsjord bort ved at brukar seier frå seg retten til den utviste tilleggsjorda. Med brevet frå Westerheim er arealet falt i det fri.

Fjellstyret må ta stiling til om arealet skal visast ut til ny brukar eller om Westerheim skal fjerne gjerde. Arealet kan enten visast ut til beite etter §5 eller som tilleggsjord etter § 20.

§5: Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

§20: Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten aleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Fjellstyret gjorde i sak 15/2014 følgjande vedtak:

Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til beite eller tilleggsjord for jordbrukar med beiterett i statsallmenningen.

Fjellstyret har annonsert arealet ledig med frist til den 7.6.14 for å søke på arealet. Ingen meldte interesse for arealet innan fristen og fjellstyret utsette saka i påvente av nokon som var interessert i arealet. Fjellstyret har den 8.6.15 motteke søknad frå John André Hovi om å få overta jorda som tilleggsjord. Han har bruket Høve 30/1 og har støl i Strøsnøse. Han driv med ammekyr og har pr. i dag 15 kyr. Stølsjordet i Strø er lite skikka til produksjon av fôr og han har behov for meir areal til fôrproduksjon.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek å vise ut det omsøkte areal til Høve 30/1 som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrifta.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å vise ut det omsøkte areal til Høve 30/1 som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrifta.

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: John André Hovi
Statskog
Vestre Slidre kommune
Gerd Westerheim